



DET KONGELIGE DIGITALISERINGS- OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Digitaliseringsdirektoratet

Dykkar ref

Vår ref

Dato

25/2333

06.02.2026

Tildelingsbrev 2026 – Digitaliseringsdirektoratet

1. Innleiing	2
2. Overordna prioriteringar og utfordringar	2
3. Mål for 2026.....	3
4. Andre føresetnader og krav	12
5. Krav til dokumentasjon og statistikk	14
6. Budsjettløyvingar	15
7. Fullmakter.....	18
8. Rapportering og resultatoppfølging	19
9. Budsjettmessige føresetnader.....	21

Vedlegg:

Styringskalender for 2026

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdeling for
digitaliseringspolitikk

Saksbehandlar
Ragnhild Sund
22 24 72 76

1. Innleiing

I dette tildelingsbrevet melder vi Stortingets budsjettvedtak og Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sine styringssignal for Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) i 2026. Prop. 1 S (2025–2026) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) vart behandla 16. desember 2025 på grunnlag av Innst. 16 S (2025–2026).

Departementet gir i tildelingsbrevet Digdir fullmakt til å disponere utgifts- og inntektsløyvingane for 2026, jf. reglement for økonomistyring i staten § 7. I brevet fastset departementet òg krav til verksemda og delegerer fullmakter.

Saman med tildelingsbrevet legg hovudinstruksen rammene for verksemda til Digdir i 2026.

Vi ber Digdir ta opp eventuelle uklarleikar så snart som mogleg.

2. Overordna prioriteringar og utfordringar

I åra framover står Noreg overfor ei rekke samfunnsutfordringar, mellom anna kamp om arbeidskraft og behov for omstilling. I regjeringa sin digitaliseringsstrategi er digitalisering og bruk av ny teknologi sentrale verkemiddel for å løyse fleire av samfunnsutfordringane. Digital omstilling gjer det mogleg å effektivisere offentleg sektor, auke nytta for brukarane og frigjere ressursar.

Noreg står òg overfor ein ny og krevjande sikkerheitspolitisk situasjon, og digitalisering kan bidra til å styrke den nasjonale evna til beredskap og sikkerheit. Styrking av nasjonal digital sikkerheit og beredskap er difor ei viktig føresetnad i regjeringas digitaliseringsstrategi.

Digdir skal bidra i arbeidet med å løyse dei store utfordringane som samfunnet står overfor. I samarbeid med andre aktørar i både offentleg og privat sektor skal direktoratet, innafor ansvaret angitt i instruksen, arbeide for å nå regjeringa sine ambisjonar og mål for digitalisering av samfunnet. Direktoratet bidrar også til å løyse utfordringar gjennom å støtte offentlege verksemdar i å bygge kompetanse på viktige område for digitalisering og innovasjon.

For ein nærare omtale av Digdirs ansvar og faste oppgåver, sjå hovudinstruksen.

Digdir har fleire pågåande utviklingsoppgåver på ulike fagområde. Det er difor viktig at direktoratet arbeider for å sikre rett kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet. Det er òg viktig at Digdir jamleg vurderer om oppgåver kan løysast meir effektivt, mellom anna gjennom bruk av ny teknologi som for eksempel kunstig intelligens (sjå òg punkt 4.4). I 2026 vil departementet ha dialog om prioriteringar, bruk av ressursar og effektivisering i verksemda.

Av erfaring kan det kome til saker som det ikkje er tatt omsyn til ved årets byrjing, som kan få stor merksemd og krevje betydeleg innsats. Digdir skal derfor ha fleksibilitet til å kunne ta på

seg nye oppgåver som blir gitt av departementet på kort varsel. DFD og Digdir har løpande dialog om prioriteringar.

Med utgangspunkt i Prop. 1 S (2025–2026) og Innst. 16 S (2025–2026) har Digdir følgjande hovudprioriteringar for 2026:

1. Etablere KI Noreg som ein nasjonal arena for ansvarleg og verdiskapande bruk av kunstig intelligens, sjå mål 3.2
2. Sikre slutføring av programmet Nye Altinn i samsvar med programmet sitt mandat og planverk, sjå mål 3.3
3. Sikre framdrift i utvikling av digital lommebok og eID for alle, sjå mål 3.4
4. Sikre framdrift i utvikling av ein heilskapleg digital fullmaktsløysing, sjå mål 3.4

3. Mål for 2026

Relevante hovudmål for Digdir i Prop. 1 S for 2026 er:

1. Forvaltninga i Noreg er effektiv, open, samordna og har høg tillit i befolkninga.
2. Digitaliseringa i samfunnet gir gode vilkår for deltaking, verdiskaping og innovasjon i offentleg og privat sektor.

For å understøtte hovudmåla er det satt følgjande delmål for Digdir for 2026:

1. Digitalisering i offentleg sektor er samordna og samfunnsnyttig
2. Trygg, ansvarleg og verdiskapande utvikling og bruk av kunstig intelligens
3. Digdir sine fellesløysingar er samfunnsnyttige, sikre og enkle å ta i bruk
4. Digitale tenester er tilgjengelege for alle

3.1 Digitalisering i offentleg sektor er samordna og samfunnsnyttig

Digdir skal bidra til å utforme og gjennomføre regjeringa sin digitaliseringspolitikk. Digdir skal legge til rette for god samordning og koordinering av digitalisering av offentleg sektor. Direktoratet har ei sentral rolle i å samordne digitaliseringa i offentleg sektor, og skal fremje samarbeid mellom offentlege verksemder, næringslivet, frivillig sektor i utviklinga av digitale tenester og innovasjon. Dette inneber mellom anna at direktoratet, basert på god faktakunnskap og problemforståing, skal støtte og koordinere arbeidet med utvikling av offentlege tenester på tvers av sektorar slik at dei opplevast som samanhengande, brukarvenlege og effektive.

3.1.1 Prioriterte område i 2026 for mål 3.1

I 2026 har Digdir følgjande prioriteringar for mål 3.1:

Utvikle rolla som fagorgan innan digitalisering i offentleg sektor

Direktoratet skal fortsette med å identifisere moglegheiter og utfordringar, utforme kunnskapsgrunnlag og foreslå tiltak for gjennomføring og utvikling av regjeringa sin digitaliseringspolitikk.

I 2026 held arbeidet med oppfølging av Digitaliseringsstrategien «Framtidas digitale Noreg» fram. Som fagorgan er Digdir sentral i dette arbeidet. I 2026 forventar departementet at Digdir styrkjer seg som formidlar av kunnskap og rådgivar til departementet på sine fagområde. Kunnskapsgrunnlaget for pågåande og planlagde digitaliseringstiltak som vart utarbeida i 2025 (oppdrag 1 i tildelingsbrevet) legg eit godt grunnlag for utøving av både DFD og Digdir sitt samordningsoppdrag. Kunnskapsgrunnlaget må vidareutviklast. DFD ønskjer jamleg dialog om prioriteringane Digdir gjer knytte til dette og arbeidet med nasjonalt vegkart for gjennomføring av digitaliseringsstrategien på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

Som grunnlag for dialogen ber departementet om følgjande rapportering og styringsinformasjon:

1. Status for og planer for Digdirs bidrag i arbeidet med livshendingane og samanhengande tenester som verkemidlar for samfunnsnyttig og samanhengande digitalisering (rapport per 2. tertial og årsrapport)
2. Status for og utvikling i arbeid med nasjonalt vegkart for gjennomføring av digitaliseringsstrategien (rapport per 2. tertial og årsrapport)
3. Utvikling i kunnskapsgrunnlaget om digitaliseringa i offentleg sektor, med kort analyse av trendar og beskriving av Digdirs bidrag til utviklinga i kunnskapsgrunnlaget (årsrapport)

Departementet forventar at Digdir supplerer punkta når det er nødvendig for å gi eit dekkande bilde av måloppnåinga.

3.1.2 Andre oppgåver i 2026 for mål 3.1

Revidere retningslinjene for medfinansieringsordninga

Målet for medfinansieringsordninga er auka gjennomføring av samfunnsøkonomisk lønnsame digitaliseringstiltak og realisering av planlagde gevinstar. I Perspektivmeldinga blir kamp om arbeidskraft og behov for omstilling framheva som viktige samfunnsutfordringar. Digital omstilling gjer det mogleg å effektivisere offentleg sektor, auke brukarnytta og frigjere ressursar slik at desse kan brukast der det er størst behov. Digdir skal i 2026 foreslå reviderte retningslinjer for medfinansieringsordninga, sjå oppdrag 3. Arbeidet skal ta sikte på auka måloppnåing i digitaliseringsstrategien og å realisere gevinstar frå digitalisering på tvers av forvaltning i større grad. Anbefalingane skal vere basert på erfaringar om korleis ordninga har lukkast med å levere planlagde gevinstar.

Støtte til innlemming og gjennomføring av EØS-regelverk

I 2026 skal Digdir halde fram med å støtte departementet med vurderingar av EØS-relevant regelverk og bidra i førebuing knytt til innlemming og gjennomføring av EØS-relevante EU-regelverk. Det skal være løpande dialog mellom departementet og Digdir om kva for regelverk Digdir skal arbeide med og kva bidraga skal vere.

Nasjonal portal for digital sikkerheit (myndighetsportalen)

Regjeringa har bestemt at det skal etablerast ein nasjonal portal for digital sikkerheit for å gjere nasjonale råd og anbefalingar tilgjengelege. Portalen skal vere ein felles inngangsport

for ulike brukargrupper, men utforma slik at alle får råd tilpassa si brukargruppe. Nasjonal sikkerhetsmyndigheit (NSM) har i 2025 utvikla ein første versjon av ein nasjonal portal for digital sikkerheit i tett samarbeid med sentrale rettleiingsaktørar, mellom anna Digdir. Tiltaket om ein nasjonal portal er eit sentralt og effektivt verktøy for rådgiving mot verksemder og ulike målgrupper. For å sikre eigarskap og relevans for portalen er det viktig at sentrale aktørar deltar aktivt i arbeidet som blir leia av NSM. Digdir skal i 2026 bidra i arbeidet med portalen.

Deltaking nordiske og internasjonale samarbeid

Direktoratet skal arbeide for god oppfølging av norsk deltaking i relevante EU-program og internasjonale samarbeid, som mellom anna DIGITAL og Digital North. Direktoratet skal i 2026 støtte departementet i vurderinga og førebuinga av ei eventuell norsk deltaking i digitaliseringssatsingar i EUs neste programperiode (2028–2034), mellom anna det planlagde konkurranseevnefondet. Departementet og direktoratet vil ha nærmare fagdialog om korleis dette arbeidet utførast.

Utvikle verkemiddelapparatet innanfor innovasjon i offentleg sektor

I 2025 har Oslo Economics på oppdrag frå departementet evaluert Stimulab-ordninga og sett på korleis vi kan sikre betre heilskap i verkemiddelapparatet for innovasjon i offentleg sektor. Oppfølging av rapporten frå Oslo Economics vil saman med andre kunnskapsgrunnlag danne grunnlag for fornying og forbetring av verkemidla for innovasjon. Digdir må vere budd på å bidra i dette arbeidet saman med andre aktørar i verkemiddelapparatet.

Rapportering:

4. Oversikt over deltaking i nordiske og internasjonale samarbeid (EU/EØS) (årsrapport)
5. Status i arbeidet med oppfølging av DIGITAL og vurderingar og førebuingar til EUs neste programperiode (rapport per 2. tertial og årsrapport)

Departementet forventar at Digdir supplerer punkta når det er nødvendig for å gi eit dekkande bilde av måloppnåinga.

Oppdrag under mål 3.1

Nr.	Oppdrag	Frist
1.	Revisjon av regelverk Digdir skal utgreie og foreslå endringar i mellom anna eForvaltningsforskrifta, IT-standardiseringsforskrifta og Digitaliseringsrundskrivet. Regelverka må sjåast i samanheng med kvarandre og anna relevant regelverk på området. Departementet vil ha nærmare dialog med Digdir om innhald og omfang av oppdraget, samt den langsiktige forvaltninga av regelverket.	01.12.26

2.	Støtte departementet i vurderinga av digitaliseringsdelen av EU sitt foreslåtte konkurranseevnefond 2028–2034 Digdir skal, som leiar av koordinerings- og mobiliseringsgruppa for DIGITAL, ha eit hovudansvar for å planlegge, gjennomføre og oppsummera eit innspelsmøte for relevante aktørar om digitaliseringsdelen av EU sitt konkurranseevnefond. Digdir skal vidare bidra med eigne skriftlege vurderingar av EUs foreslåtte digitale programsatsing. Dette inkluderer å beskrive innhaldet i dagens satsingar, vurdere relevans i kommande satsingar for norske aktørar, eventuelle prioriteringar av foreslåtte aktivitetar og potensielle konsekvensar for allereie eksisterande nasjonal infrastruktur og politikkområde dersom Noreg ikkje deltar i enkeltaktivitetar eller satsingar. Digdirs bidrag skal inngå i DFDs arbeid med beslutningsgrunnlag for eventuell norsk deltaking i den digitale satsinga i konkurranseevnefondet i neste programperiode. Arbeidet skal resultere i ei skriftleg vurdering, som skrivast i samarbeid med DFD. Digdir skal involvere Innovasjon Norge (IN), Norges Forskringsråd (NFR) og direktoratet for høgare kompetanse og utdanning (HK-dir) i arbeidet på eigna måte. Departementets tildelingsbrev til NFR og IN vil reflektere dette.	30.06.26
3.	Revidere retningslinjene for medfinansieringsordninga Digdir skal utgreie og foreslå endringar i retningslinjene for medfinansieringsordninga med verknad frå 2027. Digdir si utgreiing skal ha som mål å styrke ordningas rolle for meir effektiv bruk av ressursar i offentleg sektor.	01.08.26

3.2 Trygg, ansvarleg og verdiskapande utvikling og bruk av kunstig intelligens

Kunstig intelligens, data og datadreven innovasjon er prioriterte område i regjeringa sin digitaliseringsstrategi, og desse må utviklast i tett samspel. Direktoratet har eit overordna, nasjonalt ansvar for informasjonsforvaltning og deling og bruk av data og skal vere eit nasjonalt kompetansemiljø for desse områda. Frå 2026 vil Digdir òg ha ansvar for å fremje ansvarleg innovasjon med KI, ved at KI Noreg blir etablert som ein del av verksemda.

3.2.1 Prioriterte område i 2026 for mål 3.2

I 2026 har Digdir følgjande prioriteringar for mål 3.2:

Etablere KI Noreg som ein nasjonal arena for ansvarleg innovasjon, utvikling og bruk av kunstig intelligens, med mål om styrkje rettleiingsarbeidet og fremje betre utnytting av kunstig intelligens i både offentleg og privat sektor. KI Noreg skal mellom anna legge til rette for erfarings- og kunnskapsdeling på tvers av offentleg sektor og mellom offentlege aktørar og

næringslivet, forskingsmiljø og akademia. Den lovpålagde KI-regulatoriske sandkassa etter KI-forordninga er eit sentralt verkemiddel for å fremje innovasjon med kunstig intelligens. Sandkassa skal vere plassert i KI Noreg og etablerast og driftast innanfor eit formalisert samarbeid mellom Digdir, Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit og Datatilsynet. Status for KI Noreg og den regulatoriske KI-sandkassa skal være del av styringsdialogen i 2026.

Digdir skal vidareføre og styrke arbeidet med deling og bruk av data frå det offentlege som grunnlag for ei open og effektiv offentlig forvaltning, innovasjon, verdiskaping og betre offentlege tenester. For å nå desse måla og digitaliseringsstrategiens føringar på området har direktoratet ansvar for å vidareutvikle eigne verkemiddel. Orden i eige hus er ei føresetnad for betre utnytting av data. Rettleiinga om deling og bruk av data, og arbeidet med orden i eige hus, skal derfor samordnast og styrkast i tråd anbefalingar i Digdirs rapport om «orden i eget hus» frå 2024. Digdir skal utøve sekretariatsfunksjonen til Dataprioriteringsrådet i tråd med supplerande tildelingsbrev nr. 4 for 2025.

Som grunnlag for dialogen ber departementet om følgjande rapportering og styringsinformasjon:

6. Status i korleis Digdir jobbar med deling av data og digitaliseringsstrategiens føringar på området med forklaring på korleis arbeidet har hatt verknad på strategiens mål og prioriteringar (rapport per 2. tertial og årsrapport).
7. Status i korleis Digdirs aktivitetar og verkemiddel, inkludert KI Noreg, bidreg til å nå målet om innovativ og ansvarleg utvikling og bruk av kunstig intelligens i offentlig sektor (årsrapport)
8. Utviklinga av og erfaringar med bruk av den regulatoriske sandkassa for kunstig intelligens, inkludert tal på prosjekt, beskriving av problemstillingane som er behandla i sandkassa og vurdering av erfaringar og læringspunkt frå prosjekta (årsrapport)

Departementet forventar at Digdir supplerer punkta når det er nødvendig for å gi eit dekkande bilde av måloppnåinga.

Oppdrag under mål 3.2

Nr.	Oppdrag	Frist
4.	Portal for éin inngang til nasjonal informasjon og rettleiing om kunstig intelligens I samband med etableringa av KI Noreg skal Digdir, i samarbeid med Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit og Datatilsynet, utvikle og drifte éin felles portal som skal fungere som éin nasjonal inngang til felles informasjon og rettleiing om ansvarleg utvikling, bruk og innovasjon med kunstig intelligens. Digdir skal leie arbeidet og ha hovudansvaret for drifta av portalen, samt sørge for effektiv samordning mellom involverte etatar.	Avtalast etter nærare dialog

3.3 Digdir sine fellesløysingar er samfunnsnyttige, sikre og enkle å ta i bruk

Gode og sikre fellesløysingar er ein viktig føresetnad for ei samordna og effektiv digitalisering av offentleg sektor og offentleg sektor sine tenester. Digdir skal prioritere å tilby robuste og sikre fellesløysingar som er enkle å ta i bruk, varetek personvernet og løyser felles behov.

Digdir har ansvar for å leie programmet Nye Altinn og gjennomføre prosjekt Modernisering og mottaksprosjektet i samsvar med planverket i programmet. Departementet viser til føringar for programmet i Prop. 1 S (2025-2026) samt mandat av 17. september 2024.

Digdir er ansvarleg for å drifte, forvalte og vidareutvikle tenesta Digitalt dødsbu. Som ansvarleg for denne tenesta er Digdir òg tenesteeigar på linje med andre tenesteeigarar. Det er viktig at Digdir er seg bevisst sine to roller som forvaltar av fellesløysingar og tenesteeigar for Digitalt dødsbu, og legg til rette for å drifte og forvalte Digitalt dødsbu på ein god måte.

3.3.1 Prioriterte område i 2026 for mål 3.3

I 2026 har Digdir følgjande prioriteringar for mål 3.3:

I 2026 er slutføring av programmet Nye Altinn i samsvar med programmets mandat direktoratets viktigaste prioritering. Digdir må sette av tilstrekkeleg med ressursar til dette. Direktoratet må sørge for å få på plass avtaleverk med tenesteeigarar om databehandling. Departementet vil i 2026 følgje programmet tett, mellom anna i det interdepartementale kontaktforumet for programmet Nye Altinn og i styringsdialogen.

Direktoratet skal fortsette arbeidet med sikkerheit og beredskap knytte til fellesløysingane.

I 2026 skal direktoratet, i samarbeid med departementet, følgje opp arbeidet med nye finansieringsmodellar for fellesløysingane og legge til rette for at brukarar av direktoratets fellesløysingar kan fakturerast med meirverdiavgift.

Direktoratet skal òg fortsette arbeidet med forslag til verkemidlar for auka bruk av fellesløysingar. Digitaliseringsrundskrivet regulerer når statlege verksemdar plikter å bruke fellesløysingar. Eit auka samarbeid mellom sektorar og forvaltningsnivå gjer at det må utgreiast om krav til bruk av fellesløysingar skal gjelde for heile offentleg sektor og om dei derfor bør lov- eller forskriftsfestast, jf. tiltak i digitaliseringsstrategien (sjå oppdrag 4).

Rapportering og styringsinformasjon under mål 3.3

9. Utvikling i bruk av fellesløysingane dei siste tre år, med analyse og forklaring av utviklinga (rapport per 2. tertial og årsrapport)
10. Status i arbeidet med programmet Nye Altinn, medrekna bruk av løyvingar (styringsdialog, rapport per 2. tertial og årsrapport)
11. Planar for vidareutvikling i direktoratets fellesløysingar (fagdialog)
12. Status i arbeidet med sikkerheit, forvaltning og vidareutvikling av dei digitale fellesløysingane i direktoratet (rapport per 2. tertial og årsrapport)

13. Status for innføring av meirverdiavgift (fag- og styringsdialog, rapport per 2. tertial og årsrapport)

Departementet forventar at Digdir supplerer punkta når det er nødvendig for å gi eit dekkande bilde av måloppnåinga.

Oppdrag under mål 3.3

Nr.	Oppdrag	Frist
5.	Greie ut verkemidlar for auka bruk av fellesløysingar Digdir skal levere en rapport med forslag til verkemidlar for auka bruk av fellesløysingar. Rapporten skal mellom anna innehalde ein utgreiing av pliktig bruk, i første omgang av Digdirs fellesløysingar. KS skal involverast i arbeidet. Departementet vil ha fagdialog med Digdir om nærmare innhald og omfang av oppdraget.	1.12.26

3.4 Digitale tenester er tilgjengelege for alle

Noreg skal vere eit samfunn utan digitale barrierar. Inkludering av alle i eit digitalisert samfunn er eit mål i Digitaliseringsstrategien «Framtidas digitale Noreg». Direktoratet skal bidra til dette gjennom mellom anna tildeling av tilskot til auka digital deltaking og kompetanse, utgreiing av ei heilskapleg digital fullmaktsløysing og eID for fleire brukarar. Direktoratet fører òg tilsyn med universell utforming av ikt. Vidare skal direktoratet arbeide aktivt for god brukskvalitet og at offentleg sektor etterlev klarspråk-prinsippa.

3.4.1 Prioriterte område i 2026 for mål 3.4

I 2026 har Digdir følgjande prioriteringar for mål 3.4:

Utvikle digital lommebok med eID på høgt nivå til alle

Digitaliseringsstrategien inneheld tiltak knytte til styrka digital inkludering, mellom anna å redusere digitalt utanforskap, trygge barn på nett og tilby alle ei digital lommebok med eID på høgt sikkerheitsnivå. Digdir har ei viktig rolle i realisering av tiltaka. Tilgjengeliggjering av eID på høgt sikkerheitsnivå til alle som har behov for det er eit prioritert tiltak for å sikre trygg tilgang til digitale tenester. I 2026 skal Digdir fortsette arbeidet med å utgreie lovgrunnlaget for lommeboka, og følgje opp utgreiinga av tilbod om digital lommebok med eID på høgt nivå til alle (KVU). Digdir og DFD skal ha tett dialog om dette. På bakgrunn av utgreiinga og dialogen med departementet kan det komme oppdrag i løpet av året. På veg mot ei fullverdig digital lommebok, kan det vere aktuelt å utvikle ei løysning for aldersverifikasjon til bruk i sosiale medium.

Utvikle fullmaktsløysing

Eit sentralt tiltak for å redusere digitalt utanforskap er å sikre at innbyggjarar som ikkje kan eller vil bruke digitale løysingar får tilgang til digitale tenester gjennom ei heilskapleg digital fullmaktsløysing. Digdir skal fortsette arbeidet med utvikling av ei slik fullmaktsløysing. Digdir skal i første halvdel av 2026 levere forslag til alternative løysingar med ein anbefaling til val

av løysing (sjå oppdrag 5). Digdir og DFD skal ha vidare dialog om arbeidet med fullmaktsløysinga.

Leggje til rette for å tildele MinID i skolen

Tildeling av MinID i skolen er eit viktig tiltak for å sikre ungdom ein elektronisk ID med lågare sikkerheitsnivå. MinID gir tilgang til ei rekke offentlege tenester, og tiltaket vil gi effektiviseringsgevinstar for både det offentlege og innbyggjarar. I tillegg vil auka utbreiing av MinID til ungdom bidra til at dei enklare får tilgang til offentlege digitale tenester utan hjelp frå vaksne. I 2026 skal Digdir ferdigstille løysinga som legg til rette for tildeling av MinID i skolen. Departementet ønskjer tett dialog om dette i fag- og styringsdialogen.

Gjennomføre Single Digital Gateway (SDG)

Single Digital Gateway (forordning 2018/1724, SDG) med to tilhøyrande gjennomføringsrettsakter (2020/1121 og 2022/1463) er innlemma i EØS-avtalen og skal gjennomførast i norsk rett. SDG regulerer forvaltninga si plikt til å legge til rette for digital samhandling med offentlege tenester og prosedyrar, både nasjonalt og grensekryssande. Regelverket er komplekst og vil krevje utvikling av tekniske løysingar og tilpassing av eksisterande løysingar. I 2026 skal Digdir greie ut korleis og til kva kostnad SDG kan gjennomførast i Norge (sjå oppdrag 7).

Styringsinformasjon og rapportering:

14. Utviklinga i talet på oppretting av eID på sikkerheitsnivå høgt fordelt på ulike aldersgrupper (rapport per 2. tertial og årsrapport)
15. Status i utviklinga av fullmaktsløysing, med merksemd på kva som er løyst sidan førre rapportering og kva som blir prioritert fram mot neste rapportering (tema i fag- og styringsdialog rapport per 1. mai, 2. tertial og årsrapport)
16. Status i utviklinga av digital lommebok med eID på høgt nivå, med merksemd på kva som er løyst sidan førre rapportering og kva som blir prioritert fram mot neste rapportering (tema i fag- og styringsdialog, rapport per 1. mai, 2. tertial og årsrapport)
17. Status i arbeidet med utrulling av MinID i skolen (tema rapportering i fag- og styringsdialog, rapport per 1. mai, 2. tertial og årsrapport)

Departementet forventar at Digdir supplerer punkta når det er nødvendig for å gi eit dekkande bilde av måloppnåinga.

3.3.2 Andre oppgåver i 2026 for mål 3.4

Arbeide for god brukskvalitet og at offentlig sektor etterlev klarspråk-prinsippa

Direktoratet skal i 2026 gi departementet faglege råd som fører til meir bruk av inkluderande design og klart språk i utviklinga av digitale tenester (jf. Digitaliseringsstrategien.)

3.3.3 Tilsyn for universell utforming av ikt (Uu-tilsynet)

Direktoratet fører tilsyn med at krava i forskrift om universell utforming av informasjons- og kommunikasjonsteknologiske (ikt)-løysingar blir følgt både i offentlig og privat sektor, jf. Idl §

36 og 36 a, samt uu-forskrifta § 10a og direktoratets instruks. Gjennom å følgje opp og føre tilsyn med dette regelverket skal tilsynet bidra til å nå målet med å gi innbyggjarane inkluderande digitale tenester som er tilgjengelege for alle. Uu-tilsynet skal prioritere å gjennomføre oppgåver som tilsynet er pålagt gjennom lov og forskrift.

Uu-tilsynet har mottatt løyvingar og over tid arbeida med å bygge opp datadrivne tilsyn. I 2026 ønskjer departementet dialog om korleis effektar av dette kan tas ut.

Rapportering:

18. Status i arbeidet med universell utforming av IKT, med analyse og forklaring til utviklinga (rapport per 2. tertial og årsrapport)
19. Oversikt over tal på tilsyn i Uu-tilsynet fordelt på sektor som viser funn og grad av alvor (rapport per 2. tertial og årsrapport)
20. Tal på publiserte tilgjengelegheitserklæringar, med analyse og forklaring av utviklinga (rapport per 2. tertial og årsrapport)

Departementet forventar at Digdir supplerer punkta når det er nødvendig for å gi eit dekkande bilde av måloppnåinga.

Oppdrag under mål 3.4

Nr.	Oppdrag	Frist
6.	Forslag til løysingar for ein heilskapleg digital fullmaktsløysing Digdir skal levere forslag til løysingar for etablering av ein heilskapleg digital fullmaktsløysning, og anbefaling om val av løysing	1.5.26
7.	Høyringsnotat om MinID i skolen Digdir skal utarbeide eit utkast til høyringsnotat om heimel for tildeling av MinID i skolen.	13.3.26
8.	Utgreiing av Single Digital Gateway (SDG) Digdir skal levere ein overordna plan for det vidare arbeidet med gjennomføring av SDG m/gjennomføringsrettsakter. Digdir skal òg greie ut informasjonsforpliktelsen jf. SDG vedlegg 1, herunder løysingsarkitektur og plan for etablering og vedlikehald av eit	Overordna plan for arbeidet: 1.4.26 Informasjonsforpliktingane: 15.9.2026

	lenkeregister. Vidare skal Digdir, jf. SDG vedlegg 2, kartlegge i kva omgang norske digitale tenester skal gjerast tilgjengelege for grensekryssande digitalt bruk.	
--	---	--

4. Andre føresetnader og krav

4.1 Fellesføringar 2026

4.1.1 Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Det er eit mål med systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk.

Digdir skal følgje opp dette målet. Verksemda skal ta omsyn til ivaretaking av kjerneoppgåver og kostnadseffektivitet i dette arbeidet.

Digdir skal òg vurdere korleis klimaendringane vil påverke verksemda.

Digdir skal gjere systematiske vurderingar av eige energibruk og ta i bruk lønsame energieffektive løysingar, og auke energifleksibiliteten der dette er relevant.

4.1.2 Positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller frávær frå arbeid, utdanning eller opplæring

Regjeringa har høge ambisjonar for inkludering og mangfald. Statlege verksemder skal ha ei positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller frávær frå arbeid, utdanning eller opplæring.

Arbeidsgjevarane skal i samarbeid med dei tillitsvalde sjølv definere eit føremålstenleg ambisjonsnivå for verksemda, ut frå eigenart og storleik.

Digdir skal i årsrapporten oppgje tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller frávær frå arbeid, utdanning eller opplæring i 2026, og det totale talet på tilsetjingar i verksemda i 2026. Verksemda skal òg omtale utviklinga i 2026 samanlikna med rapporteringa si for 2025.

4.1.3 Redusere bruk av konsulentar

Det er eit mål at staten samla sett skal redusere bruk av konsulentar ved å utvikle eigen kompetanse. Digdir skal arbeide for å redusere bruk av konsulentar på områder der verksemda kan bruke interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal ein som hovudregel ikkje bruke tenester frå kommunikasjonsbransjen. Digdir skal i årsrapporten for 2026 rapportere om bruk av

konsulentar og oppfølginga av fellesføringa, irekna totalbeløp for kjøp av konsulenttenester, kva tiltak som er sett i verk og konkrete resultat. Om det er fagområde og/eller kompetanseområde der konsulentar blir brukt i særleg grad i verksemda, skal bakgrunnen for dette omtalast nærare.

Digdir skal som ein del av rapporteringa òg gi ein overordna omtale av eventuelle kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (alle typar kommunikasjonstenester) i 2026 og opplyse om totalbeløp for kjøp av slike tenester.

Om utgiftene til kjøp av konsulenttenester er vesentlege, bør verksemda spesifisere det nærare i note til årsregnskapet. Om verksemda har større kjøp av konsulenttenester frå andre statlege leverandørar, bør dette omtalast særskilt.

4.2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsføring iht. statlege rekneskapsstandardar (SRS)

Frå 1. januar 2026 skal Digdir føre og utarbeide ein verksemdsrekneskap etter periodiseringsprinsippet i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS), jf. føresegnene pkt. 3.3.2 i reglement for økonomistyring i staten, og i tråd med årlege og varige rundskriv frå Finansdepartementet. Dette kjem i tillegg til månadleg rapportering til statsrekneskapen etter kontantprinsippet.

Denne teksten erstattar føringa i hovedinstruksens punkt 4.2.4 fram til neste revisjon.

Årsrapportens del *II Introduksjon til verksemda og hovudtal* må også oppdaterast slik at hovudtal skal ikkje bruke omgrepet utgifter men kostnadar.

4.3 Samarbeid med Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom) og Datatilsynet

Dei siste åra har EU vedtatt ei lang rekke regelverk på det digitale området. Desse er, eller er i ferd med å bli, gjennomførte i norsk rett. Fleire av regelverka legg opp til at rettleiing og tilsyn kan delast mellom fleire nasjonale organ. Både Digdir, Nkom og Datatilsynet har, eller må rekne med å få, oppgåver etter fleire av desse regelverka. Nokre oppgåver kan vere til dels overlappende.

I 2025 inngjekk Digdir, Nkom og Datatilsynet ein overordna samarbeidsavtale med formål om mellom anna å fremje samarbeid om nye regelverk på det digitale området. I 2026 skal verksemdene mellom anna samarbeide om å etablere, utvikle og drifte den regulatoriske KI-sandkassa etter KI-forordninga, samt arbeide vidare med korleis dei skal samordne rettleiinga på KI med utgangspunkt i ny nasjonal organisering på kunstig intelligens. I 2026 skal verksemdene fortsetje arbeidet med dialog og samarbeid.

4.4 Effektivisering i eiga verksemd gjennom mellom anna bruk av kunstig intelligens

Digdirs eiga verksemd må innrettast slik at oppgåver løysast mest mogleg effektivt. I Digitaliseringsrundskrivet er det ein anbefaling at verksemdar bør ha ein plan for bruk av KI for å løyse oppgåver meir effektivt. Direktoratet skal derfor vurdere korleis bruk av kunstig intelligens kan bidra til å løyse eigne oppgåver meir effektivt, og ha ein plan for dette. Direktoratet skal òg sørge for at tilsette har god kjennskap til verksemda sine rutinar for bruk av kunstig intelligens.

Digdir skal omtale arbeidet med effektivisering og bruk av KI i eiga verksemd i årsrapporten.

5 Krav til dokumentasjon og statistikk

5.1 Data om arkivering og openheit i statleg forvaltning

Digdir skal hente ut data om publiseringstida på elnnsyn for alle departement og for alle underliggjande verksemdar for 2025:

- Tal på dagar frå eit dokument er ferdig (journaldato) til det er registrert på offentleg journal (publisert dato).
- Del skjerma dokument i prosent av totalt tal på dokument.

Digdir skal utarbeide statistikk for publiseringstida for statsforvaltninga totalt og fordelt på departement og departementsområder. Frist for arbeidet er 03.04.2026.

DFD har satt i gang eit arbeid med å evaluere elnnsyn. Sluttrapport frå evalueringa skal leverast frå ekstern konsulent 30. april 2026. Digdir støtter departementet i dette arbeidet og må i 2026 også vere førebudd på å bi bidra i oppfølging av evalueringa.

5.2 Rapportering på gjennomføring av digitaliseringsstrategien

DFD har ansvaret for å samordne og koordinere oppfølging av digitaliseringsstrategien og vil halde oversikt over måloppnåing og status for gjennomføring av tiltaka i strategien. Digdir har ei viktig rolle i dette arbeidet og skal bidra med å skaffe oversikter gjennom å:

- utarbeide og oppdatere oversikt over måloppnåing basert på definerte indikatorar
- gjennomføre to årlege prosessar for innrapportering av status for oppfølging av tiltaka i strategien
- bidra med å hente ut, analysere og presentere resultat frå datainnhentinga.

Digdir rapporterer på tiltak der dei sjølv har ansvaret for gjennomføringa.

I årsrapporten skal Digdir gi ei kort oppsummering av oppfølging av digitaliseringsstrategien.

6 Budsjettløyvingar

6.1 Budsjettrammer 2026

I tråd med Stortingets vedtak blir utgifter tildelte og inntekter fastsette for Digdir i 2026 som følgjer:

Utgifter

Kap. 1540 Digitaliseringsdirektoratet

		[tal i tusen kr]
Post	Nemning	Budsjett 2026
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 27</i>	180 194
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	21 320
22	Bruk av nasjonale fellesløysingar	224 000
23	Utvikling og forvaltning av nasjonale fellesløysingar, <i>kan overførast</i>	531 674
25	Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt, <i>kan overførast</i>	152 758
26	Stimulab, <i>kan overførast</i>	5 486
27	Tilsyn for universell utforming av ikt, <i>kan nyttast under post 01</i>	21 405
28	KI Noreg	10 000
29	Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn, <i>kan overførast</i>	166 000
71	IT-tilskot	9 661
Sum kap. 1540		1 322 498

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 27

Løyvinga er:

- auka med 4,9 mill. kroner som følgje av tekniske budsjettjusteringar (mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 1540, post 23)
- redusert med 3,5 mill. kroner som følgje av budsjettavtala i Stortinget

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga er:

- auka med 4,8 mill. kroner til arbeidet med å etablere, utvikle og drifte den regulatoriske KI-sandkassa etter KI-forordninga
- auka med 1,6 mill. kroner til å dekke aktivitetar for å oppnå auka digital kompetanse i befolkninga (mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 1541, post 22) I 2026 skal midlane overførast til direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) til arbeidet med Digidel. DFD vil ha dialog med Digdir om vidare innretning for bruken av midlane.

Post 22 Bruk av nasjonale fellesløysingar

Løyvinga dekker utgifter for bruk av elektronisk ID på høgt sikkerheitsnivå skrive ut av private leverandørar, og elektronisk ID med lågare sikkerheitsnivå ved sending av SMS. Løyvinga

dekker òg bruk av Digital postkasse til innbyggjarane der det er inngått avtale med fleire private leverandørar og kostnader for innlogging til postkassene via ID-porten og kostnader knytte til eSignering. Løyvinga skal vere tilpassa faktisk bruk av løysningane i forvaltninga og gjeldande rammevilkår frå underleverandørar og er i 2026 anslått til 224 mill. kroner.

Post 23 Utvikling og forvaltning av nasjonale fellesløysingar, kan overførast

Løyvinga er:

- auka med 2,6 mill. kroner til drift og forvaltning av Nye Altinn
- auka med 15 mill. kroner til arbeidet med å redusere digitalt utanforskap, gjennom vidare arbeid med fullmaktsløysingar og å ferdigstille ei løysing for tildeling av Min ID i skolen (sjå omtale under punkt 3.3)
- redusert med 4,9 mill. kroner som følgje av tekniske budsjettjusteringar (mot ein tilsvarande auke på kap. 1540, post 01)

Departementet viser til Prop. 1 S (2025–2026) og omtale av Altinn 3, og løyvinga til dette arbeidet. Av 190,2 mill. kroner til investeringskostnader for Nye Altinn i 2026, er 102 mill. kroner fordelt til kap. 1540, post 23. Departementet gjer oppmerksam på at delar av usikkerheitsavsetninga på 15 mill. kroner i Prop. 1 S (2025-2026) er tildelt direkte til Skatteetaten på kap.1618, post 22. Digdir, som programeigar, kan vurdere forslag om overføring av midlar og eventuelle justeringar i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2026.

Arbeidet er krevjande, mellom anna fordi det er svært stramme fristar, og departementet forventar at Digdir i 2026 har dette som høgaste prioritet, og ønsker jamleg rapportering i styringsdialogen.

Post 25 Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt, kan overførast

Stortinget har vedtatt ei løyving på 152,8 mill. kroner i 2026. Det inneber at tilsegnsramma for ordninga er 113,5 mill. kroner i 2025. Det vises også til tilsegnfullmakt i pkt. 7.2 og omtale under pkt. 8.1.1. Departementet viser vidare til dialog om nivå for tilsegnfullmakta og utbetalingsprofilen og ber direktoratet om ei vurdering og eventuelt forslag til justering i innspel til rammefordelinga for 2027.

Post 26 Stimulab, kan overførast

Ramma for Stimulab-ordninga utgjer 5,5 mill. kroner i 2026. Det vises til omtale under pkt. 8.1.2.

Post 27 Tilsyn for universell utforming av ikt, kan nyttast under post 01

Løyvinga dekker drift og forvaltning av tilsyn for universell utforming av ikt. Løyvinga er auka med 830 000 kroner mot ein tilsvarande reduksjon på Kultur- og likestillingsdepartementet sitt kap. 352, post 71. Midla frå Kultur- og likestillingsdepartementet som nyttast til oppfølging av nye krav i forskrift om universell utforming av ikt-løysingar.

Post 28 (ny) KI Noreg

Løyvinga på 10. mill. kroner i 2026 dekker utgifter i samband med etablering og drift av KI Noreg som ei eiga eining i Digdir, sjå omtale under punkt 3.1. Midla skal nyttast til både årsverk og utviklingskostnader. DFD og Digdir vil i 2026 ha nærmare dialog om korleis KI Noreg innrettast og kva oppgåver som skal prioriterast.

Post 29 Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn, kan overførast

Løyvinga dekker utgifter til drift og driftsrelatert applikasjonsforvaltning knytt til Altinn, utgifter til private leverandørar for SMS-varslng og driftsmessige endringar som den enkelte tenesteeigar har bestilt. Utgiftene blir fakturert vidare til tenesteeigarar i samsvar med samarbeidsavtalen mellom tenesteeigarane og Digdir.

Post 71 IT-tilskot

Tilskotet til Standard Norge skal mellom anna medverke til å fastsetje og utbreie bruk av standardar og styrkje norsk deltaking i det internasjonale standardiseringsarbeidet på IT-området. Tilskotet skal òg bidra til å ivareta norske interesser i utviklinga av internasjonale standardar for kunstig intelligens. Det er løyvd 1 661 000 kroner som tilskot til Standard Norge.

Hjelpe- og rettleiingstilbod til innbyggjarar med manglande og låg digital kompetanse er ei tilskotsordning som skal bidra til at alle innbyggjarar blir gitt høve til å bli digitalt kompetente til å kunne bruke digitale verktøy og tenester frå offentlege og private aktørar. Det er løyvd 8 mill. kroner til ordninga i 2026.

Inntekter

Kap. 4540 Digitaliseringsdirektoratet

		<i>[tal i tusen kr]</i>
Post	Nemning	Budsjett 2026
03	Diverse inntekter	2 457
04	Tilsyn for universell utforming av ikt	
05	Bruk av nasjonale fellesløysingar	224 000
07	Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn	166 000
86	Tvangsmulkt	
Sum kap. 4540		392 457

6.2 Tildeling på andre budsjettkapitler

Kap 1541, IT- og ekompolitikk, post 22 Utvikling, gjennomføring og samordning av IT- og ekompolitikken, kan overførast, kan nyttast under post 70

Sekretariat for dataprioriteringsrådet

Digdir tildelast 2 100 000 kroner til sekretaritatsoppgåver for dataprioriteringsrådet, jf. oppdrag frå supplerande tildelingsbrev nr. 4 frå 2025.

7 Fullmakter

Departementet delegerer budsjettmessige fullmakter til Digdir for budsjettåret 2026 som omtalt nedanfor.

I tillegg gjeld dei administrative fullmaktene Digdir har fått delegert under punkt 3.5 i hovudinstruksen av 8. januar 2025.

7.1 Meirinntektsfullmakt

Fullmakt til å overskride driftsløyving under kap. 1540 mot tilsvarande meirinntekter på kap. 4540, jf. romartalsvedtak II under DFD i Prop. 1 S (2025-2026), jf. Innst. 16 S (2025–2026) vedtatt 16. desember 2025.

overskride løyvinga under	mot tilsvarande meirinntekter under
kap. 1540 post 01	kap. 4540 post 03
kap. 1540 post 21	kap. 4540 post 03
kap. 1540 post 22	kap. 4540 post 05
kap. 1540 post 23	kap. 4540 post 03
kap. 1540 post 27	kap. 4540, post 04
kap. 1540 post 29	kap. 4540 post 07

7.2 Tilsegnfullmakt

Stortinget har samtykka i at departementet i 2026 kan gi tilsegn om tilskot utover gitt løyving, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig 121,4 mill. kroner på kap. 1540, post 25.

Følgjande tilsegnfullmakt delegerast med dette til Digdir:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme i mill. kroner
1540	25	Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt	121,4

7.3 Fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret

Fullmakta gis på dei vilkåra som går fram av R-110 pkt. 2.3.

7.4 Fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr

Fullmakta gis for kap. 1540, post 01, 21, 23 og 27 på dei vilkåra som går fram av R-110 pkt. 2.2.

7.5 Fullmakt til å overskride driftsløyvingar til investeringsformål mot tilsvarande innsparing i dei tre følgjande budsjettår

Fullmakta gis for overskridingar på kap. 1540, post 01, 21, 23 og 27 til investeringsføremål mot innsparing i løpet av dei tre følgjande budsjettår på dei vilkåra som går fram av R-110 pkt. 2.6.

8 Rapportering og resultatoppfølging

Tidspunkta for etatsstyringsmøte og rapporteringar i 2026 går fram av styringskalenderen i vedlegg 1.

8.1 Styringsdialog og rapportering gjennom året

I hovudinstruksen pkt. 3.3.5 er det stilt krav til oversending av rapportering gjennom året. Det er også stilt konkrete føringar til rapportering for dei enkelte oppgåvene og prioriteringane under måla i tildelingsbrevets punkt 3. Desse har ulike rapporteringsfristar og frekvens, angitt i parentesar.

I tillegg skal Digdir rapportere på tilskot og ordningar med respektive fristar:

8.1.1 Rapportering – Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt

Digdir skal rapportere om status etter kvart trinn av vurderinga av søknader om medfinansiering i 2026.

Frist	Rapporteringspunkt
30.04.26	Oversikt over prosjekt som har søkt om løyving og prosjekt som har fått foreløpig tilsegn. For kvart prosjekt skal det spesifiserast: • Namn på prosjektet og kort skildring av innhald og mål • Total prosjektkostnad • Søkt løyving frå medfinansieringsordninga • Samfunnsøkonomisk lønsemd • Nettovirkningar offentleg sektor • Nettovirkningar internt i verksemda
25.08.26	Oversikt over prosjekt som har fått endeleg tilsegn. For kvart prosjekt skal det spesifiserast: • Total prosjektkostnad • Beløp det er gitt tilsegn om til prosjektet frå Medfinansieringsordninga • Samfunnsøkonomisk lønsemd (prissette og ikkje prissette effektar) • Periodisert oversikt over nettogevinstar (gevinstar minus kostnader jf. presisering over) - internt i verksemda som søker om løyvingar - periodisert oversikt i andre statlege verksemdar (konkret for kvar enkelt verksemd der desse skal ha nedtrekk i ramme jf. retningslinjene) - i kommunesektoren

	Aksepterte framtidige nedtrekk i ramme, og tidsplan/periodisert oversikt for dette (jf. gevinstrealiseringsplan) per verksemd i <u>eigen og andre verksemder</u> .
01.10.26	Oversikt over prosjekt som er gjennomførte sidan oppstarten av ordninga i 2016 til i dag, med beskriving av lovde gevinstuttrekk (budsjettkutt) ved tilsegn og ved sluttrapport. Departementet vil ha fagdialog med Digdir om utforminga på denne rapporteringa.

I tillegg til denne rapporteringa over må Digdir være førebudd til å bidra med informasjon til departementet sitt arbeid med dei årlege budsjettprosessane eller andre prosesser eller hendingar der det er behov for informasjon om ordninga.

8.1.2 Rapportering Stimulab

Digdir skal rapportere om status etter kvart trinn av vurderinga av søknader om Stimulab i 2025. Rapporteringa skal også inkludere prosjekta som inngår i prøveordninga Stimulab-tech.

Frist	Rapporteringspunkt
Etter nærmare avtale mellom departementet og Digdir	Oversikt over prosjekt som har søkt om løyvingar. Dette kan gjerest ved å gi ein enkel tabellarisk oversikt over sektorar og tema.
19.06.26	Oversikt over prosjekter som har fått tildelt løyvingar. For kvart prosjekt skal det spesifiserast: • Involverte verksemder/kommunar • Problemstilling • Kort grunngjeving • Sum tildelt • Del eigenfinansiering
19.06.26	Resultat i prosjekt som tidlegare har fått støtte, seinast to år etter oppstart.

8.1.3 Rapportering hjelpe- og rettleiingstilbod til innbyggjarar med manglande eller låg digital kompetanse

Digdir skal rapportere om status i tildeling av løyvingar i ordninga «Hjelpe- og veiledningstilbud til innbyggere med manglande og lav digital kompetanse».

Frist	Rapporteringspunkt
30.09.26	Oversikt over: • Kommunar som har motteke tilskot, og omtale av ev. samarbeid mellom kommunar • Storleiken på tilskotet. • Kort omtale av type tilbod tilskotet skal dekke

8.2 Årsrapport og årsrekneskap

Digdir skal sende årsrapporten for 2025 til departementet innan 15. mars 2026, med kopi til Riksrevisjonen. Årsrapporten skal tilfredsstille krava i hovudinstruksen for direktoratet inklusive krava om rapportering om måloppnåing og oppdrag omtalte i dette tildelingsbrevet, jf. pkt. 3 Mål for 2026 og pkt. 4 Andre føresetnader og krav.

Digdir skal sende ein korrekt, dekkande og komplett årsrapport til departementet. Årsrapporten skal ikkje endrast etter at han er sendt til departementet, med mindre det er særskilde forhold som gjer det nødvendig. Årsrapporten bør skilje klart mellom rapportering på Digdirs mål og styringsparametarar og status for digitaliseringa i offentlig sektor.

9 Budsjettmessige føresetnader

Digdir har ansvar for å planlegge verksemda i 2026 slik at dei kan nå måla innanfor løyvingane som blir stilte til disposisjon i dette brevet, jf. Reglement for økonomistyring i staten § 9 og Bestemmelser om økonomistyring i staten, pkt. 2.2.

Digdir kan ikkje overskride utgiftsløyvingane eller bruke dei til andre føremål enn føresett av Stortinget, jf. løyvingreglementet § 5. Unntaket er dersom det er gitt ei slik fullmakt i pkt. 7 i dette brevet.

Digdir har ansvaret for å sette i verk tiltak slik at det ikkje oppstår behov for å auke løyvinga. Departementet føreset at Digdir rapporterer om vesentlege endringar i budsjettføresetnadane med ein gong.

Med helsing

Siri Halvorsen (e.f.)
ekspedisjonssjef

Timothy Szlachetko
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar

Vedlegg:
Styringskalender for Digdir for 2026

Kopi

Riksrevisjonen

Vedlegg 1 – Styringskalender for Digitaliseringsdirektoratet for 2026

Månad	Rapportering/møte	Tidspunkt
Januar	Rapportering til statsrekneskapen. ¹	30.01.2026
Februar	Innspel til RNB 2026 (tentativ)	20.02.2026
Mars	Statusmøte om viktige prioriteringar i 2026	02.03.2026
	Årsrapport for 2025	13.03.2026
	ROS-vurdering	13.03.2026
	Frist oppdrag 7: Høyringsnotat om MinID i skolen	13.03.2026
April	Frist oppdrag 8: Utgreiing SDG - plan	01.04.2026
	Leveranse statistikk om arkivering og openheit i statleg forvaltning	03.04.2026
	Første etatsstyringsmøte	20.04.2026
	Medfinansieringsordninga – oversikt over prosjekt som har søkt om midlar og prosjekt som har fått mellombels tilsegn	30.04.2026
	Innspel til Prop. 1 S 2027	30.04.2026
	Innspel til rammefordeling 2027	30.04.2026
Mai	Frist oppdrag 6: Forslag til løysingar for ein heilskapleg digital fullmaktsløysing	01.05.2026
Juni	Andre etatsstyringsmøte/strategimøte	10.06.2026
	DFD sender utkast til budsjettekst (tentativt)	19.06.2026
	Stimulab - oversikt over prosjekt som har fått tilsegn.	19.06.2026
	Stimulab - Resultat i prosjekt som tidlegare har fått støtte, seinast to år etter tildeling.	19.06.2026
	Rapport - budsjett- og regnskapsstatus per. 31.5 med prognose ut året	19.06.2026
	Frist oppdrag 2: Støtte departementet i vurderinga av digitaliseringsdelen av EU sitt foreslåtte konkurranseevnefond 2028-34	30.06.2026
Juli	Innspel til digitaliseringsrundskrivet for 2026	01.07.2026
	Varsel om behov for endringar i 2. halvår, nysaldert budsjett for 2026	01.07.2026
August	Frist oppdrag 3: Revidere retningslinjene for medfinansieringsordninga	01.08.2026
	Medfinansieringsordninga – oversikt over prosjekter som har fått endeleg tilsegn	25.08.2026
September	Frist oppdrag 8: Utgreiing SDG - informasjonspliktingane	15.09.2026
	Innspel til nysaldert budsjett for 2025	18.09.2026
	Rapport pr. 31.8 inkl. budsjett- og regnskapsstatus med prognose ut året	18.09.2026
	Hjelpe- og rettleiingstilbod til innbyggjarar med manglande eler låg digital kompetanse – rapportering	30.09.26

¹ Retningslinjer for årsavslutningen for 2025 mv. er gitt i rundskriv R-08/2025, oversendt ved brev av 27.november 2025.

Oktober	Medfinansieringsordninga – oversikt over prosjekt som er gjennomført	01.10.2026
	Tredje etatsstyringsmøte	19.10.2026
November	Innspel til nye satsingar og innsparingstiltak 2028	02.11.2026
	Rapport - budsjett- og regnskapsstatus per. 31.10 med prognose ut året	20.11.2026
	Møte mellom DFD og Digdir om tildelingsbrev for 2027	20.11.2026
	Innspel til konsekvensjustering (2028) og spesifisering av 01-posten, fordelt på 01-1 og 01-2	28.11.2026
Desember	Frist oppdrag 1: Revisjon av regelverk	01.12.2026
	Frist oppdrag 5: Greie ut verkemidler for auka bruk av fellesløysingar	01.12.2016



DET KONGELIGE DIGITALISERINGS-
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Digitaliseringsdirektoratet
Postboks 1382 Vika
0114 OSLO

Deres ref

Vår ref
25/2333-9

Dato
12. februar 2026

Tildelingsbrev 2026 – Digitaliseringsdirektoratet – supplerande tildelingsbrev nr. 1

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til tildelingsbrev for Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) for 2026. Dette supplerande tildelingsbrevet inneheld følgjande:

1. Midlar til Stimulab-tech

DFD tildeler med dette Digdir 600 000 kroner over kap. 1500 Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, post 21 spesielle driftsutgifter i 2026, jf. supplerande tildelingsbrev nr. 2 for statsbudsjettet 2025.

Midla skal gå til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) sitt prosjekt «Tiltaksoppfølging for voldsutsatte sårbare voksne». Prosjektet vart tildelt 900 000 kroner i 2025, av dette er 300 000 kroner allereie utbetalt.

2. Midlar til utredningsoppdrag om kartlegging av behov for tungrekning for utvikling og bruk av KI i offentlig sektor

DFD visar til brev av 4. februar 2026 med felles oppdrag til Digdir og Sikt (kunnskapssektorens tenesteleverandør) om kartlegging av behov for tungrekning i offentlig sektor. DFD tildeler med dette 1 mill. kroner over kap. 1541, post 22.

Departementet ønsker eit oppstartsmøte for å drøfte nærmare innretninga på oppdraget.

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdeling for
digitaliseringspolitikk

Saksbehandlar
Ragnhild Sund
22 24 72 76

Med helsing

Åste M. Skullerud (e.f.)
fung. ekspedisjonssjef

Timothy Szlachetko
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Riksrevisjonen